

Lærarrettleiing



Leksjon 4 – Du får kanskje ein jobb som ikkje finst i dag

Førebuing før leksjonen:

Les gjennom heile leksjonen på førehand, slik at du veit når det er på tide å vise filmar, og kva materiale du må skrive ut i forvegen.

Skriv ut: Exercise4

Bilde 1

Mål med leksjonen:

Etter leksjonen skal elevane vere klar over at arbeidsmarknaden forandrar seg. Dei skal også tenke over kva yrke som kjem til å finnast i framtida. Dei skal også ha fått ei forståing for at arbeidsmiljøet endrar seg med arbeidsmarknaden.

Du skal no vise filmen «Arbeidsmiljø i framtida» som inspirasjon.



Bilde 2

Instruksjon

Start filmen.



Formål

Filmen introduserer emna arbeidsmiljøet i framtida ved å vise fram ulike yrke og arbeidsmiljø med futuristiske innslag. Formålet er å inspirere elevane før øvingane som følger i leksjonen.

Bilde 3

Instruksjon

1. Gi ein kort introduksjon til øvinga i karusellen *Exercise4*.

2. Gjennomfør øvinga i karusellen.

Slik fungerer øvinga

Sørg for at kvart spørsmål er skrive ned på eit papirark.

Del elevane inn i fire grupper. Gruppene skal sitte avskilt frå kvarandre i klasserommet. Viss det er ein stor klasse, kan ein doble spørsmåla og organisere klassen i to spor.

Del deretter ut arka til dei fire gruppene.

Gruppene skal i løpet av to minutt skrive ned så mykje dei kan komme på om det aktuelle spørsmålet dei har framfor seg på arket. Det held med stikkord. Du held kontroll på tida.

Fortsett på neste side »



Formål

Å la elevane reflektere og tenke gjennom korleis vi kjem til å leve i framtida.

Lærarretteiing

Leksjon 4 – Du får kanskje ein jobb som ikkje finst i dag



Bilde 3 fortsett

Etter nokre minutt skal elevane reise seg og byte til neste bord med neste spørsmål. Gjenta til dei har svar på alle spørsmåla.

Les opp spørsmåla som dei skal svare på under øvinga.

Spørsmåla du ser i presentasjonen, er representerte av ikon på papirarket:



Korleis bur vi?



Kva jobbar vi med?



Korleis reiser vi?

(Gi eksempel ved behov: Er det via kollektivtrafikk, eigen bil? Bildeling/carpool?)



Kva er viktig for korleis vi har det?

(eksempel: Korleis ser helsevesenet ut? Kva slags mat et vi?

Kva slags type fysisk aktivitet driv vi med?)

Start karusellen ved å oppfordre elevane til å tenke seg til at det er år 2050.

3. Etter at øvinga er ferdig, ber du ein representant frå kvar gruppe om å samanfatte kort alt som har blitt skrivne om spørsmålet. Gjer dette i plenum.

Hur ser framtiden ut?

Året år 2050 – Hur ser våra liv ut då?
Tank fritt – det finns inga rätt eller fel!



Hur bor vi?



Vad jobbar vi med?



Hur transporterar vi oss?



Vad är viktigt för vårt liv?

Formål

Å la elevane reflektere og tenke gjennom korleis vi kjem til å leve i framtida.

Bilde 4

Instruksjon

Elevane skal no få tenke gjennom at nokre yrke har forandra seg med tida, og andre ikkje. Diskuter med elevane i samla klasse.

Teikn inn yrka som du klikkar fram i presentasjonen, i ein tabell.

Bruk det første yrket, bilmekanikar, som eit eksempel de går gjennom saman i klassen.

Før: Å vere bilmekanikar var eit tungt og slitsamt yrke, og det fanst ikkje verneutstyr. Å byte olje f.eks.

No: I dag er yrket meir teknisk, og ein bruker elektronisk test- og måleutstyr ved feilsøking. Ein bruker verneutstyr ved handtering av farlege stoff.

Framtida: Bilmekanikaren i framtida blir enda meir digital og vil komme til å krevje teknisk kunnskap. Elbilar har f.eks. ein heilt annan slags motor, og det kan hende det kjem til å finnast sjølvkjørande bilar?

La elevane diskutere dei resterande yrka på same måte i klasserommet. Klikk fram eitt av yrka om gongen.

Dette er yrka elevane skal jobbe med:

- kontormedarbeidar
- barnehagelærer
- sjukepleiar
- influensar
- eige forslag

Eit alternativ til øvinga kan vere å dele inne elevane i par eller grupper, og la dei diskutere yrka.

Hur förändras arbetsmiljöer och yrken?

Vad har förändrats i dessa yrken?
Hur tror ni det påverkar arbetsmiljön?



Yrke

Bilmekaniker
Kontorarbetare
Lärare
Sjukvårdenska
Influenser



För



No



Framtiden

Symbolforklaring



= Yrke



= Før



= No



= Framtida

Fortsett på neste side »

Lærerrettleiing

Leksjon 4 – Du får kanskje ein jobb som ikkje finst i dag



Bilde 4 fortsett

Rund av diskusjonen ved å samanfatte interessante observasjonar i klassen.

Vis filmen der forskaren pratar om arbeidsmiljøet i framtida.

Symbolforklaring



Yrke




Før: Korleis blei yrket utført før? (F.eks. på starten av 1900-talet)



No: Korleis blir yrket utført i dag?



Framtida: Korleis vil yrket bli utført i framtida?



Bilde 5

Instruksjon

Start filmen

1. Be elevane vere oppmerksame på kva som blir sagt i filmen, før du startar han.
2. Etter filmen tek du opp kva forskaren sa om å ha eit friskt arbeidsliv i eit arbeidsliv som heile tida skiftar. Avslutt leksjonen med at elevane får seie kva som var viktigast av det forskaren sa, eller kva dei syntest var det mest interessante frå leksjonen.



Formål


Forskeren David Hallman stadfestar

- at det elevane har gjort i øvingane i leksjonen, er vanskeleg
- at det er vanskeleg å vite korleis vi kjem til å leve i framtida, og korleis arbeidsmiljø og yrke vil sjå ut

Bilde 6

Instruksjon

No er leksjonen ferdig, og til neste gong kan elevane tenke over spørsmålet: Korleis ser draumearbeidsmiljøet ditt ut?



Formål

Å gi eit innblikk i kva som ventar neste gong. Da skal de skape eit eige draumearbeidsmiljø.